

+ **16** *laur* DAG 18. OKTOBER 2008

---

**Worce**  
and the best of Worcester

# Korkafé med Fjordafolk



*\* Gjester på korkaféen er Cortado.*

Blandakoret Fjordafolk byd inn til korkafé på Folkestad Kulturhus søndag 19. oktober. Koret er eit tradisjonelt blandakor/bygdekor med om lag 40 medlemmer, og aldersspennet er frå 18 til 80. I haust har vi starta med innøving av eit ABBA-program, og tanken er å sette opp ein kabaret våren 2009. Morkakoret hadde ein ABBA-revy for ein del år sidan, med nynorske tekster og eigne arrangement, der m.a. Olbjørn Øyehaug og Ståle Ytrestøyl stod sentralt.

Som gjester denne gongen har vi med oktetten Cortado, som blei

stifta i 2007. Medlemmene i koret er i dag er: Yngvil Birkeland (sopran), Elisabeth Rebbestad (sopran), Katharina Teige Førde (alt), Ingvill Vik (alt), Magne Slettevoll (tenor), Oddvar Aalde (tenor), Eirik Bech (bass), og Dag Tore Hagen (bass). Fleire av medlemene har vore med i ulike kor tidlegare, og koret har eit vidt spekter av songar på repertoaret.

Volda sine innbyggjarar er velkomne til Folkestad søndag ettermiddag 19. oktober, der det blir tradisjonell servering med smørbrød, kaker og kaffi, og med litt lotteri attpå.

Arr